



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/5354-7

8. juni 2018

### **Søknad om forsøk med delegering av mynde for forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet syner til brev frå Hordaland fylkeskommune av 27. november 2017 med søknad om eit forsøk med delegering av mynde for forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet, jf. lov om forsøk i offentlig forvaltning (forsøkslova). Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for forsøkslova. Denne lova gir høve til å godkjenne forsøk med avvik frå gjeldande lovar og forskrifter eller avvik frå føresegner om oppgåvefordeling mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale forvaltningsoppgåver.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt søknaden til Kulturdepartementet, som styrer bibliotekpolitikken, til uttale. Forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet er ikkje regulert i lov eller forskrift. Desse midla, som skal bidra til gjennomføring av regjeringa sin bibliotekpolitikk, er mellom anna omtalt i Kulturdepartementet sin budsjettproposisjon og i Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kulturdepartementet er samde i at forvaltninga av utviklingsmidla på folkebibliotekområdet vil falle utanfor forsøkslova sine rammer, då dette ikkje er regulert i lov eller forskrift. Departementet kan derfor ikkje innvilge søknaden om forsøk etter forsøkslova.

Det er positivt at ein har ambisjonar på folkebibliotekområdet. Fylkeskommunen har funksjon som utviklingsaktør på bibliotekfeltet og kan spele ei aktiv rolle gjennom samordning av utviklingsprosjekt, særleg til nytte for mindre kommunar. Det er likevel ikkje aktuelt med ei prøveordning der fylkeskommunen forvaltar delar av dei statlege prosjekt- og utviklingsmidla på noverande tidspunkt. Som kjent har eksperutvalet som har vurdert fleire oppgåver til fylkeskommunane (Hagen-utvalet) tilrådd ei tilsvarande forvaltning av prosjekt- og

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Jørgen Johnsen  
22 24 68 26

utviklingsmidla. Avslaget på denne søknaden må ikkje sjåast i samanheng med ekspertutvalet sin tilråding. Denne tilrådinga vil bli vurdert i den kommande kulturmeldinga.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)

Jørgen Johnsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Kulturdepartementet